



# Fylkesmannen i Telemark

## Miljøvernavdelingen

Saksbehandler, innvalgstelefon: Gunnar Djuvik, 35 58 61 67

## Kontrollrapport

<b>Kontrollrapport nr:</b> 2010.026.I.FMTE
<b>Saksnummer:</b> 2010/1633
<b>Dato for kontrollen:</b> 14.10.2010

### Informasjon om kontrollert verksemd:

<b>Navn:</b> Rauland avløpsrenseanlegg, Vinje kommune	<b>Organisasjonsnr:</b> 964964610
<b>Postadresse:</b> Vinje kommune, Teknisk drift og vedlikehold, 3890 Vinje	<b>Telefon - kontaktperson:</b> 35062300/
<b>Besøksadresse:</b> Haddeland, Rauland	<b>e-post - kontaktperson:</b> jan.geir.olsen@vinje.kommune.no
<b>Kommune/ kommunenr.:</b> Vinje/ 0834	<b>Bransjenr. (NACE-kode):</b>
	<b>Anleggsnr:</b> 0834.0010.01

### Tilstades under kontrollen

<b>Frå verksemda:</b> Magne Tveiten, fungerande teknisk sjef Jan Geir Olsen, fagansvarleg, veg, vatn, avløp Sølve Omland, driftsoperatør Rauland Bjørn Aslak Brekke, driftsoperatør Åmot	<b>Frå Fylkesmannen:</b> Gunnar Djuvik
--	---

### Kontrollomfang

Kontrollen er ikkje ein uttømmmande kontroll innan Fylkesmannen sitt tilsynsområde, men er avgrensa til dei generelle tema for kontrollaksjonen, dvs internkontroll inkludert avvikshandsaming og risikovurderingar, klimaendringar og klimatilpassing på avløpssektoren, overløp av urensa vatn, avløpsledningar, renseanlegg, grunnlag for fastsetting og oppfyljing av rensekrav fastsett i føresegn kap 14 og i løyvet frå 10.11.2008.

### Innhold i kontrollrapporten

Rapporten omtalar dei avvik og merknader som vart konstatert under kontrollen i forhold til:

- Utsleppsløyve 10.11.2008.
- Forureiningslova
- Forurensningsforskriften
- Internkontrollforskriften

### Resultat frå kontrollen

Fylkesmannen avdekkja 4 avvik\*, og det er 1 merknad\*. Sjå nærare omtale inne i rapporten.

### Oppfølging etter kontrollen

Rapporten skal følgjast opp frå kommunen slik dette går fram av pålegg med fristar i oversendingsbrevet for denne rapporten.

Skien, 25.11.2010,

Fylkesmannen i Telemark  
(etter fullmakt)

\* Avvik og anmerkning er definert på side 2 i rapporten

## Informasjon

### **Definisjon - avvik:**

Overtredelse av krav fastsatt i eller i medhold av helse-, miljø- og sikkerhetslovgivningen, for eksempel overtredelse av krav i forurensningsloven eller forskrifter hjemlet i denne loven, eller krav og vilkår fastsatt i utslippstillatelser eller dispensasjoner.

### **Definisjon - anmerkning:**

Et forhold som tilsynsetatene mener det er nødvendig å påpeke for å ivareta helse, miljø og sikkerhet og som ikke omfattes av definisjonen for avvik

### **Informasjon om kontrollgebyr:**

Fylkesmennene kan fastsette gebyrer for arbeid med tillatelser og kontroller, jf forurensningsforskriftens kapittel 39. Nærmere informasjon om forskriften: <http://lovdata.no/for/sf/md/td-20040601-0931-103.html>

### **Informasjon om vedtak om tvangsmulkt:**

Dersom Fylkesmannen ikke mottar den skriftlige tilbakemeldingen innen den fristen som er fastsatt, vil vi vurdere å fatte vedtak om tvangsmulkt. Vedtak om tvangsmulkt fattes med hjemmel i forurensningsloven § 73. En eventuell tvangsmulkt kan fastsettes som et engangsgebyr eller et løpende dagsgebyr som gjelder så lenge en tilbakemelding, som godtgjør at avvik kan lukkes, ikke er mottatt.

### **Aktuelt regelverk:**

Hjemler for avvik som avdekkes gjennom kontrollen finnes i følgende regelverk:

<b>Forskrift</b>	<b>Lenke til forskrift og til kommentarer til forskrift</b>
Forskrift om begrensning av forurensning, kap 11 - Generelle bestemmelser om avløp	Forskriften/ avløpsdel: <a href="http://www.lovdata.no/for/sf/md/td-20040601-0931-036.html">http://www.lovdata.no/for/sf/md/td-20040601-0931-036.html</a>  Kommentar til kap 11: <a href="http://www.klif.no/no/Regelverk/Forskrifter/Forurensningsforskriften/Kommentarer/Kapittel-11-Generelle-bestemmelser-om-avlop/">http://www.klif.no/no/Regelverk/Forskrifter/Forurensningsforskriften/Kommentarer/Kapittel-11-Generelle-bestemmelser-om-avlop/</a>
Forskrift om begrensning av forurensning, kap 14 - Krav til utslipp av kommunalt avløpsvann fra større tettbebyggelser	Forskriften/ avløpsdel: <a href="http://www.lovdata.no/for/sf/md/td-20040601-0931-036.html">http://www.lovdata.no/for/sf/md/td-20040601-0931-036.html</a>  Kommentar til kap 14: <a href="http://www.klif.no/no/Regelverk/Forskrifter/Forurensningsforskriften/Kommentarer/Kapittel-14-Krav-til-utslipp-av-kommunalt-avlopsvann-fra-storre-tettbebyggelser/">http://www.klif.no/no/Regelverk/Forskrifter/Forurensningsforskriften/Kommentarer/Kapittel-14-Krav-til-utslipp-av-kommunalt-avlopsvann-fra-storre-tettbebyggelser/</a>
Forskrift om begrensning av forurensning, kap 15 A - Påslipp	Forskriften/ avløpsdel: <a href="http://www.lovdata.no/for/sf/md/td-20040601-0931-036.html">http://www.lovdata.no/for/sf/md/td-20040601-0931-036.html</a>  Kommentar til kap 15 A: <a href="http://www.klif.no/no/Regelverk/Forskrifter/Forurensningsforskriften/Kommentarer/Kapittel-15-Krav-til-utslipp-av-oljeholdig-avlopsvann/">http://www.klif.no/no/Regelverk/Forskrifter/Forurensningsforskriften/Kommentarer/Kapittel-15-Krav-til-utslipp-av-oljeholdig-avlopsvann/</a> (se midt i dokumentet etter kommentar til § 15-10)
Forskrift om systematisk, helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter Internkontrollforskriften, av 6. desember 1996 med senere endringer	IK-forskrift: <a href="http://www.lovdata.no/cgi-wift/ldles?doc=/sf/sf/sf-19961206-1127.html">http://www.lovdata.no/cgi-wift/ldles?doc=/sf/sf/sf-19961206-1127.html</a>  Kommentarer: <a href="http://www.klif.no/artikkel_31257.aspx">http://www.klif.no/artikkel_31257.aspx</a>

Se mer om klimatilpassing på avløpssektoren via bl.a. følgende lenker:

<http://www.klif.no/publikasjoner/2317/ta2317.pdf> (Klif-rapport 2317/2007)

<http://www.norskvann.no/content/view/full/33212> (NorskVann-rapport 162/2008)

Se også generelt om aktuelle lover og forskrifter på Klima- og forurensningsdirektoratets hjemmeside [www.klif.no](http://www.klif.no) eller via [www.regelhjelp.no](http://www.regelhjelp.no).

## Avvik

### **Avvik 1**

#### **Avvikshandsaming for avløpsanlegget er ikkje tilfredsstillande.**

##### Avvik fra

- Internkontrollforskriften § 5 punkt 7 – om å avdekke og rette opp avvik

##### Grunnlag

- Avviksproseduren benyttes ikke eller etterleves ikke i praksis. (1C).

##### Kommentar

Det er utarbeidd eit skriftleg system for handtering av avvikshendingar med tilhøyrande rutinar for ytre miljø og for avløpsanlegget. Det er også utarbeidd avviksmeldeskjema. Skjemaet er svært generelt og kortfatta, og det er i liten grad definert uønska hendingar i ytre miljø som ein skal registrere via dette skjemaet. Det er liten grad av kopling mellom avviksregistreringar og risikovurderingar, for eksempel gjennom endringar av rutinar og avviksmeldeskjema ut frå kva for tilhøve som ein vurderer har større risiko enn andre. Kontrollen avdekkar at systemet har manglar og at det heller ikkje vert nytta systematisk. Avvik som ikkje vert registrert er til dømes registrering og oppfølging overfor til dømes utbyggjarar når kommunen finn kummer og feilkoplingar som tek inn overvatn på spillvassnettet. Sjå også avvik 3 om vassinnlekking via opne stakespylekummar.

Generelt gjeld at installasjonar på avløpsanlegget berre har tidsregistrering ved overløp. Dette gjeld og inntakskum på renseanlegget. Kommunen må ha ei oppfølging av slike overløpshendingar med omsyn til kor ofte hendingane skjer og kor lenge overløpet er i funksjon. Vidare må ein sjå slike overløpshendingar i samanheng med risikovurderingar og såleis vurdere trong for eventuelle oppfølgjande tiltak som måling av vassmengde i overløp, forureiningsmengde, effektar i resipientane der overløpet skjer osv.

Frist er sett til **01.05.2011** for oversending av rutinar, avviksskjema og døme på utfylte avviksskjema.

### **Avvik 2**

#### **Risikovurdering for avløpsanlegget er ikkje tilfredsstillande.**

##### Avvik fra

- Internkontrollforskriften § 5 punkt 6 – om å vurdere risiko
- Utsleppsløyve pkt 1.2 , 4.2 og pkt 4 – Generelle vilkår

##### Grunnlag

- Det er ikke utarbeidet en skriftleg miljørisikovurdering for avløpsanlegget. (2A)
- Det er ikke etablert rutiner for risikohandtering av forhold med uakseptabel høy risiko. (2C)

##### Kommentar

Avviket gjeld ved tidspunkt for kontrollen. Fylkesmannen er kjent med at arbeid med temaet no er i gang med bistand frå konsulent og er nær ferdig. Utsleppsløyvet frå 2008 har krav om risikovurdering for avløpsanlegg inkludert ledningsnett. Frist for denne vurderinga er utsett frå opprinneleg frist i løyvet. Utkast vart diskutert i møte etter kontrollen, og kommunen har frist for oversending av materialet i etterkant av møtet innan 01.11.2010.

Tidlegare risikovurderingar har hatt fokus på HMS/ arbeidsmiljø. Det var på tidspunktet for kontrollen ikkje gjort ein systematisk gjennomgang av moglege uønska hendingar og tilhøyrande risiko for ytre miljø ved drifta av verken renseanlegg, overløp eller ledningsnett inkludert pumpestasjonar.

Behov for tilpassing av avløpsanlegg og ledningsnett til framtidig klimautvikling er heller ikke handsama systematisk gjennom risikovurdering. Dette er mellom anna aktuelt tema i samband med oppdatering av saneringsplan.

Frist for gjennomføring av risikovurdering og oversending til Fylkesmannen er tidlegare sett til 01.11.2010 og vert utsett til **01.05.2011**.

### **Avvik 3**

**Kommunen har ikkje gjort tilstrekkelege førebuingar for å tilpasse avløpsanlegget til framtidige klimaendringar med mogleg auka nedbørsintensitet .**

#### Avvik fra

- Forurensingsforskriften § 14-10 Utforming og drift av renseanlegg.
- Forskrift om internkontroll § 5 punkt 7 - om å avdekke og rette opp avvik.

#### Grunnlag

- Det er ikke foretatt vurderinger eller beregninger av hvilke konsekvenser og virkninger forventede framtidige nedbørsmengder vil ha på avløpsnettet. (3B)

#### Kommentar

Fylkesmannen er kjent med at nytt avløpsrenseanlegg har stor kapasitet og at ein no gjer omfattande utbetningsarbeid av deler av eksisterande hovudledningsnett. Det vert opplyst at soleis vil alt ledningsnett vere nyare enn 1985 og kun separatsystem når arbeidet er ferdig 2011. Avløpssystemet kan likevel bli påverka av til dømes stor tilførsle av flomvatn og andre nedbørshendingar, jf opplysningar på kontrollen om det arbeidet med kartlegging av kummar og arbeid med avdekking av moglege feilkoplingar som kommunen no gjer.

I følgje årsrapportar fra driftsassistansen er det eit problem med stor vassmengde i snosmelting og i nedbørsperiodar grunna stakespylekummar som ligg for lågt og ikkje har tette lokk og då tek inn vatn i flaumperiodar. Vi finn grunn til å rekne med at auka nedbørsintensitet vil forsterke dette. Sjå også seinare kommentarar under merknad 1 om saneringsplanar. Vi reknar med at tilpassing til klimaendringar vert innarbeidd i ny saneringsplan og at denne planen tek utgangspunkt i risikovurderingar. Frist for utarbeiding av saneringsplan og oversending til Fylkesmannen er tidlegare sett til 01.11.2010. Sjå supplerande kommentarar frå oss i merknad 1. Ny frist vert sett til **01.05.2011**.

### **Avvik 4**

**Overløp av urensa avløpsvatn vert ikkje tallfesta og inkludert i berekning av renseeffekt og utsleppsmengde.**

#### Avvik fra

- Forurensingsforskriften § 14-5 Avløpsnett og § 14-11 Prøvetaking.

## Grunnlag

- Forurensingsutslipp av urensset vann via alle overløp blir ikke tallfestet enten ved utslippsmålinger, modellering eller annen beregning. (4B)
- Overløp ved renseanlegget blir ikke tatt med i beregningen av rensegrad og utslippsmengder fra avløpsanlegget. (8B)

## Kommentar

Moglege utsleppspunkt på nettet og i anlegget er stadfesta, og utslepp via overløp vert registrert med tidsvarighet for utslippshendinga. Vassmengde eller forureiningsmengde som går urensa til utslepp ved slike hendingar, vert ikkje tallfesta.

Før rensetrinna i renseanlegget er det eit overløp for avlasting av urensa avløpsvatn til utslepp via utsleppsledninga for renseanlegget. Den delen av utsleppet som overløpet utgjer, vert registrert på tid, men vert elles ikkje målt eller medrekna i reinsegraden.

Oppfølging av overløpshendingar må ein knytte til risikovurderingar for ytre miljø, sjå avvik 2. Avhengig av kor ofte slike hendingar skjer og kor lenge overløpa på ledningsnettet og ved renseanlegget er i funksjon, må ein soleis risikovurdere hendinga og gjere naudsynte oppfølgjande tiltak med mengdemåling, vurdering av verknader på resipienten der utsleppet skjer og medrekning av utsleppet i reinsegraden osb.

Frist for tilbakemelding vert sett til **01.05.2011**. For eventuell vidare oppfølgjing ved trong for tiltak vil det bli fastsett frist, og det vert med dette varsla at gjennomføring av tiltak innan slik frist vert kopla til tvangsmulkt.

## Merknader

### **Merknad 1**

**Kommunen må prioritere arbeidet med utarbeiding og målretta oppfølging av saneringsplanar**

## Kommentar

Kommunen må sikre at avløpsleidingar vert følgt opp, heldt vedlike og fornya i tilstrekkeleg omfang og at tilknytning til avløpsledning skjer etter fastsette mål. Fylkesmannen er kjent med at avløpssituasjonen i rensedistriktet er bra oversiktleg og av nyare dato samanlikna med mange andre rensedistrikt. Vi er vidare kjent med at det for tida vert gjort omfattande saneringsarbeid på hovudledning frå Austbø til renseanlegget og at arbeidet vert ferdig i 2011.

Når det gjeld ny saneringsplan som no vert utarbeidd for heile rensedistriktet, syner Fylkesmannen til vilkår i utsleppsløyvet punkt 4.2. Vi minner om spesifiseringar av krav til innhald i saneringsplanen i dette punktet og i punkt 4.1, mellom anna når det gjeld tilknytning/ kost-nytte. Vidare er det vesentleg at følgjande punkt vert innarbeid i saneringsplanen:

- måltall for funksjonskrav til avløpsnettet, til dømes maks inn-/utlekking, tilføringsgrad, overløpshendingar med omsyn til tid eller mengde
- rutinar for jamleg oppdatering av saneringsplanen minst kvart 5. år
- synleggjering av økonomiske føresetnader for gjennomføring av planen utover til dømes 5-årsbolkar

- synleggjering av klimatilpasning, sjå avvik 3
- måltall for årleg fornyingstakt eller investeringsnivå for ledningsnett

Kommunen må melde tilbake om korleis skissa frå konsulenten, som vart framlagt på møtet etter kontrollen 14.10.2010, vert ført vidare og sikra gjennomføring via kommunale vedtak.